



SUND KOMMUNE
Postboks 23
5371 SKOGSVÅG

Dato: 24.05.2017
Vår ref.: 2017/877-9
Saksbehandlar: solrong
Dykkar ref.:

Vedr. søknad om tilskot til større prosjekt for tilrettelegging og formidling av arkeologiske kulturminne - Skaganeset og Kvalvågen - Sund kommune - Hordaland - Avslag på søknad om tilskot

Me viser til dykkar søknad av 31.03.2017 om tilskot til tilretteleggingsprosjektet «Skaganeset og Kvalvågen» i Sund kommune.

Hordaland fylkeskommune lyste 30.januar 2017 ut kr 400.000,- i tilskotsmidlar til **større** prosjekt for tilrettelegging og formidling av arkeologiske kulturminne. Jamfør utlysinga skulle midla tildelast eitt eller maksimalt to større prosjekt innan tilrettelegging og formidling av arkeologise kulturminne. Innkomne søknader vart handsama av utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) i PS 77/2017 den 16.mai 2017.

Det kom inn tre søknader til dei utlyste midla, og søknadene vart vurdert opp mot kriteria i utlysinga:

- Fysisk tilrettelegging med fokus på Universell utforming
- Sterke verneinteresser og særskild kulturminneverdi
- Folkehelse
- Samarbeid og heilskapleg planlegging

I tillegg vart det vurdert kor vidt prosjektet var eigna til å vera eit **fyrårnprosjekt** innan tilrettelegging og formidling av kulturminne i Hordaland.

Jamfør vedtak i Utval for kultur, idrett og regional utvikling i sak PS 77/2017, 16.5.2017 vert det gitt **avslag** på søknad om midlar til prosjektet «Skaganeset og Kvalvågen» i Sund kommune.

Prosjektet fokuserer på fysisk tilrettelegging med universell utforming, men har ikkje same potensialet til å verte eit fyrårn innan tilrettelegging. Trass i at søknaden viser at det omsøkte prosjektet «Skaganeset og Kvalvågen» har gode kvalitetar innan dei nemnde kriteria, og at verneinteressene og kulturminneverdien til området er svært høg, nådde søknaden likevel ikkje opp i konkurranse med prosjekt som var kome lenger i prosessen og hadde større detaljgrad.

Klage

Vedtak om tildeling kan påklagast i medhald av forvaltningslova § 28. Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klagefrist er tre veker frå søkjaren fekk underretning om vedtaket.

Fylkeskommunen er elles positiv til den aktuelle tilrettelegginga og vonar at det vert arbeidd vidare med prosjektet.

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

David J Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.